



- Som å køyra gjennom to elvar på ein gong! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Når kjem nyasfalten på fylkesvegen på Døslandssido? Mange har stilt seg dette spørsmålet og uskedalen.no har fått det frå fleire i dei siste dagane.

Hjulspora har etter kvart vorte djupe og trafikantane har under det heftige regnveret i det siste hatt ein kjensle av å køyra gjennom to elvar på ein gang, som ein uttrykkjer det.

Ein annan har vore utsett for vannplaning og det er ikkje akkurat noko positiv oppleving. Vegen har lenge vore overmoden for nyasfaltering.

Det er eigentleg ille på heile strekninga, men verst forbi Døsland-gardane, blir det påpeika.

Oppsittarane har eit inderleg ynskje om at heile strekninga frå riksvegen til Haugland kan komma på asfalteringsprogrammet til sommaren.

Det er no mange år sidan det vart foreteke asfaltering på Døslandssido.

Sist sommar vart det, for første gong på mange år, foreteke grøfterensk på heile den sju kilometer lange fylkesvegstrekninga frå riksvegen til Musland og då er det naturleg å gå vidare med asfaltering, seier ein av dei tålmodige oppsittarane.

Av Ola Matti Mathisen